

# Halling- lyom



Lagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 1/21

## INNHALD

<b>Innholdsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Årsmelding for Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>Årsmelding for Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>10</b>
<b>Infoside om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for vinteren/våren</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Dansing hausten 2020</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Klavadagad'n 2020</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Bøker av folk i BLS</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>Praktiske regler for Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Hugse ved avreise frå Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Hallingminne – gamle bilete</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

# Fyriord

*Godt nyttår alle saman! Året er 2021!*

*Eit særers krevjande år ligg bak oss og det året som ligg framfor oss er òg særers usikkert!*

Coronapandemien er ikkje over, så no er det Folkehelseinstituttet som bestemmer korleis dette året skal bli! Heldigvis er ei vaksine klar, men det vil ta tid å vaksinere det meste av befolkninga, så om me får nok vaksinedosar vil det ta 6-9 månader. Fram til då er det særers viktig at smittetala heldt seg låge, slik at me kan starte opp att som me gjorde i fjor haust. Me må kunne samle 15-20 personar før me startar øvingane opp att. Einmetersregelen vil me kunne halde då me no har leigd Halli til øvingane våre denne våren. Halli er minst dobbelt så stor som Blåsalen, er nyoppussa og har eitt av byens beste dansegolv. Styret håper på låge smittetal framover og vil starte opp så snart me kan samle 15 deltakarar, så følg med! Folk har så lyst til å samlast og me har så mange fantastiske spelemenn og dansarar at det er tragisk at denne pandemien heldt på å slå ut Hallinglaget! Men alle me som er med i styre og stell i laget vil kjempe for ein ny dansevær for alle som vil. Medan eg skriv renn det meg i hu eit særers godt dikt av Olav H. Hauge (1908 – 1994):

## **DET ER DEN DRAUMEN**

Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje – at tidi skal opna seg,  
at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg,  
at berget skal opna seg,  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.

Ja! Måtte me kome i gang snart! For det er jo så bra at me klarer å samle 15-30 personar på ei vanleg danseøving ein onsdag! Det er imponerande, det må skyldast at spelet og dansen har noko ved seg som fengjer. Godt dansespel og god og inspirerande instruksjon er avgjerande. Her er Hallinglaget så heldige å ha særers gode folk som stiller opp om me spør dei. Vår eigen spelemann, Åsmund Fauske Jøtun som også er nestleiar i laget, har eit drivande godt dansespel. Åsmund liker også å danse så me vil også bruke andre spelemenn me kjenner. I haust var Ulf-Arne Johannessen i byen og han bidrog stort på fire minneverdige øvingar i haust, med hallingdans/ lausdans til folket. Me øvde også på hallingspringar kvar for oss – så me er klare når me endeleg kan danse saman att ein gong dette året. Då vil me skipa til minikurs og helgekurs slik at alle får friska opp att hallingspringaren. Hugs at dans er sosialt og er super trim.

Noko me aldri blir ferdig med er å halde Hallingbu, hytta vår i Lillomarka i stand. Det planlagde arbeidet med takstige og feieplattform er lagt på is. For dette vil skade bølgeblekket og taket! Søkna er sendt til Brannvesenet i Nittedal om at me vil feie sjølv, slik som før, men at me kan betale for å få pipa inspisert! Dette vil nok gå bra for truleg bruker me omnen berre 15 timar i året! For eit par år sidan installerte me ein ny god omn av type Jøtul 602 i midtrommet, den må brukast for å få varme i hytta. Generelt har me no definert Hallingbu til å være ei sommarhytte for kjøkenet har ikkje fyring. Elles er dugnadene og grillinga på Hallingbu noko av det beste laget får til.

Hallinglaget vart skipa så tidleg som i 1899, så me er eitt av dei eldste bygdelaga i Oslo! Me som har vore med i mange år kjenner litt på alderen, men dansen heldt oss unge i kropp og sinn.

Heldigvis har mange unge begynt å danse med liv og lyst på øvingane, og det er veldig gledeleg. Me som er med og dansar i laget opplever mange gode stunder som varmar kropp og sjel.

Så følg med på kva som skjer i laget og kom og bli med og dans!

Kjenner du nokon som er interessert i hallingkultur så få dei med på ei øving ... berre dei gode kakene som me har på øvingane er verdt inngangspengane. Ein storv takk til kakebakarane.

Eg må også takke eldsjelene som heldt liv i laget, og eg håper mange fortset som medlem for å halde liv i Hallinglaget som vil kome sterkt tilbake når pandemien endeleg er over ...

*Siste: Takk til at alle som ein tok attval i styre og stell i desse vanskelege tidene.*

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!***

*Beste helsingar*

*frå Terje Grangård,*

*Leiar i Hallinglaget*



*Fyste lausdansøvinga 9. september i fjor! Fotograf: Åsmund Fauske Jøtun.*

*Det kom folk frå alle kantar, for folk var dansesugne og glad for å kunne møtast til godt felelæte (Åsmund) og topp instruksjon (Ulf-Arne). Det var gildt å møtast att!*

# INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2021 I HALLINGLAGET I OSLO

Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 3. mars kl. 19.00  
i  
Møterommet innafor Blåsalen  
Nordahl Bruns gt. 22.

## Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2020
4. Godkjenning av rekneskapen for 2020
5. Arbeidsplan for år 2021  
Arbeid på Hallingbu: Beise på innkjøpt beis. Måle vindauget ute, male litt inne og rydde noko skog nedover mot Ormetjern.
6. Fastsetjing av prisar og medlemspengar for 2022.  
*Forslag:* 20 kr. i auke for dei tre abonnementstypene.
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3). Alle tillitsvalde tar attval.
8. Velje representantar til Årsmøte i BLS 17. mars.
9. *Diskusjon:*  
***Visjonar for framtida for Hallinglaget og Hallingbu.***  
Hallingbu krev meir vedlikehald og tilsyn, korleis klare det?  
Skal me selje hytta før den ramler ned? Eller er det interesse for ei primitiv hytte også i dei neste generasjonar?

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 25. februar 2020.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2020, har røysterrett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte. Hugs: inngang frå passasjen.

Vel møtt!

## Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2020

### Styret:

Leiar: Terje Grangård.  
Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun  
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.  
Skrivar: Heidi Wie.  
Styremedlem: Berit Grøtt Ellefsen.  
Styremedlem: Else Mohn.

### Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn  
Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Bladstyre:** Terje Grangård, Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

**Danseleiar:** Knut Skrindo.

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

**Revisor:** Alix Cordray

Hallinglaget hadde årsmøte den 26. februar i 2020. Det var flaks at me hadde møtet før Coronaen stengte landet ned. Men det var ei tøff tid for laget; leiaren var slått ut av eit ribbeinsbrot og nestleiar av kraftig halsbetennelse! Så dette året var det dei fire dugande kvinnene i Styret som heldt eit stødigt årsmøte slik ar me var i rute som vanleg. Dette året hadde Hallinglaget 28 fullt betalande medlemer og 8 bimedlemer. Av medlemene var det ein person under 26 år og laget håper på fleire neste år! Ungdomen har begynt å kome på øvingane så no ser me litt meir positivt på framtida. Det er 3 færre medlemer enn året før, men det synes me er bra i dette vanskelege året. Antall medlemer er særskild viktig for laget, så bruk innbetalingskortet! Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år og bli medlem (kun 250 kr.), for dei over 26 er det 380 kr. som året før. For Hallinglaget er det også ønskeleg med nye og yngre folk i styre og stell.

Vinteren 2020 starta veldig bra med godt oppmøte og framifrå hallingspringardansing. Nokre få av våre kjære spelemenn fekk spelt for oss før Coronaen gjorde at me måtte avlyse dei siste danseøvingane. Så det vart 4 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22 i fyrste halvår.

15. jan.: Springarøving. Åsmund Fauske Jøtun spelte til dans. Det var 17 personar til stades.

29. jan.: Springarøving. Kjetil M. Myhren og Eilev G. Myhren spelte til dans. 19 deltok.

12. feb.: Springarøving. Jegeir Trøim frå Hemsedal spelte til dans etter minikonsert ved Mattias Thedens frå Norges Musikkhøgskola (NMH). 19 deltok.

Frå og med 11. mars var dansen slutt for resten av halvåret!

3. juni: Hardigfelekonsert ved Åsmund Fauske Jøtun så han fekk øvd seg til Landskappleiken.

Dei 10 som var på konserten fekk også servert kaffi/tè og lefsekling frå Flå.

Hausten 2020 var særskild usikker mht. smittesituasjonen og det var ikkje lovleg å danse pardans! Mange lag måtte avlyse dansinga, til døme danselaget Symra, og då kunne me få leige Storsalen og bruke kaféen til servering i pausa. Det klaffa også godt med at Ulf-Arne Johannessen var i Oslo denne hausten slik at me kunne få den beste instruksjon! Sjølv om me måtte danse kvar for oss vart det moro likevel. Det var så artig og møtast til hallingdans (lausdans) for folket, og etter kvart også springarteknikk så me skulle være klare når det endeleg vart normale tilhøve att. Vår eigen

spelemann Åsmund Fauske Jøtun spelte på alle øvingane denne hausten og Ulf-Arne Johannessen var inspirerende instruktør som synte alle turane makelaust bra Alle som deltok fryda seg.

9. sep.: Hallingdans/Laus. Stor suksess. heile 29 personar var innom Storsalen denne kvelden.

23. sep.: Hallingdans/Laus etter halvtimes konsert med Zosha Warpeha og Isa Holmren frå NMH. 28 personar var innom Storsalen denne kvelden.

7. okt.: Hallingdans/Laus og springarteknikk. 14 personar var med i Storsalen denne kvelden.

21. okt.: Hallingdans/Laus og springarteknikk. 18 personar var med i Storsalen denne kvelden.

Ein kan følgje med på aktivitetane våre på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo». Me har også bilder og videoar på Instagram og dei som er registrert med e-post får info. om kva som skjer i laget. Styret synes det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden, og takker alle som kjem og dansar og bidrar til det gode samhaldet i laget.

Dette året har me hatt tre styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. To av Styremøta var i Nordahl Bruns gate før øvinga starta og eitt var elektronisk ved hjelp av e-postar. Når me samlast til Styremøte blir pizza servert, det gir god stemning under møtet.

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 2. februar og 4. oktober. Takk til dei som hjalp til, for desse kveldane er viktige for laget. BLS støtter laga som bidrar med opp til tusen kroner og dette er ei kjærkomen inntekt. Laget treng faktisk nokre inntekter for å klare seg. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen, og folk som dansar i Hallinglaget er relativt gode til å møte opp.

Hallinglaget skipa også til eit særskilt bra minikurs i hallingspringar søndag 2. februar med nesten 20 deltakerar. Laget sender ein stor takk til Åsmund Fauske Jøtun som spelte og Eirik Fuglesteg Luksengard som instruerte. Vår gode kasserer Gro Sissel Taraldrud var med som medhjelper til å vise jentedansen. Merk dykk at minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er gode! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå rørospols til springleik. Heldigvis er hallingspringaren så populær at minikursa går i balanse.

*Så var det alt som vart avlyst (noko av det) på grunn av Coronaen:*

- Folkemusikkveka på Ål i mai. (men den nye Dansescena Sprang vart opna med ein gild konsert og danseframsyning)
- Spikjikkjøtturen til Hallingbu 10. juni.
- Landskappleiken i Rjukan i Tinn i juni. (ein Strømmekappleik var arrangert på Svenkerud seinare av plateselskapet Talik – dette gjorde godt for dei som var med og for dei som såg på)
- Landsfestivalen i Gamaladans i Sør-Fron i juli.
- Helgekurset i Hallingspringar i okt./nov. då pardans var ulovleg! Einmetersregelen var kome!
- Folkelarm på Riksscena i okt./nov. (som trøst vart det ein Strømmekonsert på 8 timer til 200 kr.)
- Juleavslutning i Hallinglaget i desember!

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsefyr, det er fine utgåver som eg håper folk set pris på. Men no blir papirkopier berre sendt ut til medlemmer, til dei som kjem på øvingar og kurs og til dei som er nemnt i bladet. Dei andre får avisa på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje er eldsjel for avisa, men han treng hjelp med å få skrivi det som trengs. Artige bilder er også viktig for ei god avis. Difor må alle være hjelpsomme med å sende inn bidrag i form at tekst og bilder. Nettsidene til Hallinglaget finn ein på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net). Her finn ein aktivitetane under eigen side samt ei side med linkar til dei siste utgåvene av Hallingljom.

Dette året fekk Hallinglaget særst nyttig stønad frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres og Skue Sparebank, samt gåver frå Sigbjørn Galdal og Terje Grangård. Laget får også momskompensasjon kvart år når me har fått godkjent årsmeldinga som må sendes Noregs Ungdomslag kvart år i løpet av mars. Aller viktigast er det at folk kjem på øvingane og tilskipingane våre. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet vårt! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til det nye året når me startar opp, til leik og moro og litt jobbing.

*Leve Hallinglaget!*

*20. jan 2021,  
Terje Grangård*



*Vår særst gode spelemann Åsmund Fauske Jøtun som spelar så alle må danse! Fotograf: Terje Grangård. Frå konserten i Blåsalen 3. juni 2020.*

## Årsmelding Halingbu 2020

I året som me har lagt bak oss vart det mest dagsturar te Halingbu, som alltid er fine turar te skogs med den gode hytta som mål.

Det mest oppsiktsvekkande er at den årlege spikjikkjøtturen, der me oftast teller 10 personar måtte avlysast pga korontider, men istaden vart det ein liten tur påfølgande helg med berre fire påmelde, der me gleda oss over både bade- og uteliv.



*Trivelege Halingbu i sommarsola ynskjer alle velkomen! Fotograf: Svein Aasen*

Leiaren i laget, Terje har vore særst aktiv opp mot museåret, og verkeleg gjort ein innsats på Halingbu. Fleire turar hadde han oppover i haust for å få skikkeleg has på musa. Det starta med at han drog oppover for å montere eit nylaga gardinbrett til det vesle glaset i stugua – så no har stugua to like gardinbrett! Oppe på hytta fant han avnaga lys, som musa hadde kosa seg med, og dessverre eit par hol i putetrekka på benkene (som me håper Berit kan lappe..), så det var ikkje vanskeleg å skjønna at eit begynnande museangrep var i gang.

Snarrådig som Terje er skjønna han at musa kjem inn frå spalta (som ikkje er vorte tetta) mellom pipa og veggen i midtrommet. Musefeller vart satt opp med det beste han hadde med: Kvikklunnsj! Sjokoladen sørga for full fangst da Terje kom opp etter to veker, med diverse materialer, verktøy og lim for å tette spalta i midtrommet. Det var tre mus i fellene! Så vart det jobbing med tetting der han fekk på plass nokre fester som måtte tilpassast og limast på. Listene kom på plass – eit strøk med måling fekk dei au slik at resultatet vart perfekt, og heilt sikkert bra nok for å helde musene ute!



*Det er farleg å være mus på Hallingbu når Terje set opp feller! Fotograf: Terje Grangård*

Dei tre fellene vart sett opp att, denne gongen med Vossafår – visstnok noko av det beste desse små, søte gnagarane veit om.

Ikkje nok med det, dei innerste gardinene var så møkkete at han tok dei med seg ned, vaska dei og hang dei fint opp att. Takk Terje!

Ei særst hyggeleg melding fekk me frå eit medlem i laget som kan tenkje seg å leie Hallingbu saman med sin familie i løpet av seinvinteren/våren, me håpar på det, fint for hytta og fint for folk å oppleve at så nærme storbyen ligg Hallingbu der med all den ro og fred ein kan ynskje seg.

Velkomne skal dei vera, og andre som ynskjer seg ein kort eller lengre tur te skogs på ski eller på beina.

*Else Mohn*

*Kommentar frå leiaren:*

*Hallingbu krev meir tilsyn og vedlikehald enn Hyttestyret makter! (Else bur i Heddal bortafør Notodden og Michel bur i Fredrikstad!!) Så Hallinglaget ynskjer seg ein gjeng interesserte som kan være ein dugnadsgjeng som òg bruker hytta litt meir. Venlegast kontakt folk i styret så set me deg opp på ei liste. Bli fyrst med på ein fellestur!*

*Blir ein glad i hytta så kan ein også bli med i Hyttestyret.*

## Medlemspengar i Hallinglaget for år 2021

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ofte ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng medlemer for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

---

### Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
  - Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- 

### Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

### Hallinglaget i Oslo

Webside: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Facebook: **Hallinglaget i Oslo**

Instagram: **Hallinglaget i Oslo**

## ***HALLINGLAGET i OSLO vinter/vår 2021***

### **Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.**

#### **Det er øvingar desse onsdagane om me kan møtast pga. Coronaen:**

For info.: Meld dykk på epost-lista til Hallinglaget er blir ven på Facebook!

<del>27. jan.</del>	<del>Springarøving kl. 19:00.</del>	<del>Åsmund Fauske Jøtun spelar!</del>	<del>Avlyst!</del>
<del>10. feb.</del>	<del>Springarøving kl. 19:00.</del>	<del>Åsmund Fauske Jøtun spelar!</del>	<del>Avlyst!</del>
24. feb.	Springarøving kl. 19:00.	- Åsmund Fauske Jøtun spelar!	
10. mar.	Springarøving kl. 19:00.	-	
24. mar.	Springarøving kl. 19:00.	-	
21. apr.	Springarøving kl. 19:00.	-	
5. mai	Springarøving kl. 19:00	-	
2. jun.	Springarøving kl. 19:00.	-	

Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

**Minikurs i hallingspringar må vente til Coronaepidemien er over!**

**Folkedanskveldane på sundagskveldane startar opp når det er mogeleg pga. Pandemien, følg med på Web-sidene til BLS: [www.bls.no](http://www.bls.no)**

#### **Onsdag 3. mars: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!**

**Startar presis kl 19:00 i Møterommet bak Blåsalen.**

**Medlemer oppfordrast til å møte! Styret i Hallinglaget set pris på innspel ...**

#### **Andre viktige hendingar dette halvåret:**

*(Det er forbehold om at desse tilskipingane kan haldast grunna Coronaen)*

#### **27. mai – 30. mai: Folkemusikkveka på Å!**

Sjå: <http://www.folkemusikkveka.no> – Silje Risdal Liahagen er ny leiar!

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med! Planen er at Hallinglaget vil leige ei hytte i Satakroken som vanleg ...

#### **Onsdag 9. juni: Spikjikkjøttur til Hallingbu!**

#### **23. juni - 27. juni: Landskappleik i Rjukan i Tinn!**

Telemark er bra! Sjå: <https://www.landskappleiken.no>

#### **VELKOMNE SKAL DE VERA!**

Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Vipps: 48034943

#### **KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (48 20 46 52), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), ([beritsatelier@hotmail.com](mailto:beritsatelier@hotmail.com))

Gro Sissel Taraldrud: (48 03 49 43), ([gst@cultura.no](mailto:gst@cultura.no))

## Dans i korona-tid - utdrag frå artikkel i Folkemusikk no. 4 2020.

Tekst: **Audun Stokke Hole** – redaktør av bladet Folkemusikk.

– Når Ulf-Arne Johannessen er i Oslo denne hausten, og ivra for lausdans til folket, var det berre å slå til! seier Terje Grangård, styreleiar i Hallinglaget i Oslo.

Ulf-Arne Johannessen, to gonger noregsmeister i lausdans, bur vanlegvis på Ål. Men i Oslo har han slått seg saman med Åsmund Fauske Jøtun, speleman frå Hemsedal, og lagar lausdansfest annakvar onsdag.

Hallinglaget øver vanlegvis i den vesle Blåsalen på BLS (Bygdelagssamskipnaden), i Nordahl Bruns gate vest i hovudstaden. Men for tida står den mykje større Storsalen tom, fordi den vanlege leietakaren Symra ikkje har øvingar.

– Om Symra startar opp att med dans i Storsalen, veit eg ikkje om Hallinglaget tør danse i Blåsalen som vanleg. Ein-meters-regelen må haldast, Blåsalen blir for liten når vi no har tett opp mot 30 deltakarar. Vi merker at folk er skikkeleg dansesugne for tida! seier Grangård.



*Laus i Storsalen 23. sept. 2020. Åsmund og Ulf-Arne får fart på gjengen! Fotograf: Terje.*

Det kan høyrast ut som ei solskinshistorie, men alt er relativt. Koronaviruset har lagt ein stor dempar på dansegleda i hovudstaden, understreker Grangård, som òg er førebudd på å måtte avlyse nokre øvingar i løpet av hausten.

Solveig Brekke Hauknes, folkedanskonsulent i Noregs Ungdomslag – som BLS er lokallag for i Oslo og Akershus – fortel at det er det same landet over.

– Slik ein vanlegvis organiserer folkedansaktivitet, er det ikkje lett å tilpasse den nye kvardagen med smittevernreglar og krav om å halde avstand. COVID-19 har absolutt sett ein stoppar for danseaktivitet i miljøet vårt, slår Hauknes fast.

Frå mars og fram til sommaren blei det nesten ikkje dansa folkedans i det hele, fortel folkedanskonsulenten. I midten av juni fekk barn og unge under 20 år starte opp igjen – men det er absolutt ikkje fritt fram: Maks tjue personar får øve, alle må halde avstand i pausar, unødig bytte av utstyr etc. er ikkje lov – og ein vaksen instruktør må syte for at reglane blir haldne.

Og alle kjenner på at ting kan endre seg på kort varsel. Så Hauknes understreker at uvissa er stor, også for barnelaga og dei få vaksenlaga som er i gang igjen.

– Frustrerte danselag og enkeltpersonar er bekymra, særleg for rekruttering og drifta vidare. Mange vil ha svar på når ein kan rekne med folk over tjue år kan danse pardans att – eg skulle ønske vi hadde gode og oppløftande svar, men slik er det diverre ikkje. Mange kvir seg for å setje i gang!

## Den lange meteren

Som resten av verda, er heile Folkemusikk- og Folkedans-Noreg snudd på hovudet i år. Landskappleiken blei avlyst for første gong sidan Krigen. Riksscenen måtte skalere ned tiårsjubileet sitt i 2020, og alle dansefestar der, som dei plar ha tre av i halvåret, er sjølv sagt avlyste (meir om dans på Riksscenen i artikkelen på s. 26).

Viktige rekrutteringsarenaer gjer det dei kan for å halde hjula i gang, fortel Hauknes i NU. Mellom dei som har planlagt småformat-variantar av kurshelgar eller dagskurs, nemnar ho Storhelg i Hallingdal, HilmarUNG i Steinkjer, Fuglen i Rogaland, Raudan gull i Møre og Romsdal og UngOsa på Voss. Alt dette er tiltak retta mot dei under tjue år – for dei over tjue er det ikkje like enkelt, slår Hauknes fast.

– Berre dei i same husstand får danse saman utan ein meter avstand. Ein får samlast i grupper på 20 personar, så det finnest moglegheiter om ein overheld reglane om avstand, hygiene, deltakarliste og så vidare.

Svært mange har difor avlyse alle arrangement inntil vidare. Andre som til vanleg driv med pardans, slik som Hallinglaget, har satsa på solodans eller på line-dance, danseteknikk, songdans og menuett. Men slikt er ein krevjande balansegang, understreker Hauknes.

– Ein meter er lengre enn dei fleste trur! Vi ser at fleire lag prøver å halde avstand ved hjelp av stokkar, tau og anna – men det er fort gjort å gløyme avstanden, og å hugse kva ende av eit tau ein nett heldt i. Og når tjue personar skal halde ein meter avstand til alle andre konstant, blir det fort vanskeleg.

Så i likskap med i arbeidslivet, er det mange folkedanslag som i år har testa ut «webinar» (internettseminar) og andre digitale møte for første gong. «Runnomforum» i Engerdal og Trysil er flytta til internett. Nye Facebook-grupper er starta og har stor aktivitet, slik som «Forum for folkedans» og «Digital møteplass for folkedans». Leikarringen i BUL Oslo hadde si første digitale danseøving i vår, som Vegar Vårdal kringkasta frå eigen heim. Men dei fleste tysdagsøvingane til BUL i Oslo er omgjorte til musikalske temastunder.

– Fleire samlar seg for å gå turar i lag, andre for å synge i lag frå Songdansboka – eller berre til ein kopp kaffi og kveldsmat. Dette viser kor viktig den sosiale møteplassfunksjonen er, og det er fint å sjå at mange klarar å oppretthalde det, seiernere Hauknes.

etc. ...

-> Merk dykk sat bladet **Folkemusikk** er kjempebra og rimelegare for medlemar i FolkOrg!

## Klavadagad'n 2020 (dagan mydljo jul og nyttår)

Dei vorto eiske druge i år

Lengre enn dei bruke å vera

Klaven let seg'kji sleppe så lett detta året her

Koronaen mana følk te å halde seg i klaven

Måtte snugge se te mat heime

Koke maijæl

Ikkje noko sprang ute me fue høgt i være

Ikkje noko lausdrift i år

Best å bæsesse te med klaven på

Me bruke få te noko bukkebrøl og julejamming i klavadago

Men i år vart det taugt

Lette springarføta måtte gje tapt for klaven

Det gjorde det ikkje lettare at skødda la seg tjukk om fjelle

Førfrøsen og isspedd korona

Best å halde seg i klaven

Slik krytere gjorde det i klavadagad'n før i tin

For å vergje seg

ikkje mot koronaen

Men mot Haugafølkji


Best å halde seg i klaven  
den gongen

Og kanskje i år også

*Olav Arne Løstegaard  
(koronaoptimist og  
grålysningsmann)*



## Bokside om bøker av kjentfolk!



**Sangskatter** ved mellom andre  
Einar Vestrheim, leiar i Hardinglaget.

### Eit Meisterverk!


#### Sangbok med :

- 366 levende og udødelige sanger (en for hver dag i ett år (skuddår)
    - 197 sanger i 14 potpurrier (en for hver måned i ett år (+ 2 ekstra)
      - 30 kanons med noter (en for hver dag i en måned)
- Alt med besifring, samt akkordskjema.

Bakgrunnsinfo for alle 593 sangene.  
Nydelig gjennomillustrert.

Skrive av: Einar Vestrheim, Anne-Tove Rud og Anita Olofsson.

Kan skaffes av Hallinglaget til 400 kr.



### Diktbok av Ingrid Løkken, Heidal.

Ingrid er medlem i Folkedansnemnda og er med og dansar i Hallinglaget.

På heile 120 sider.  
Over 100 dikt, samt artiklar frå Heidal – mykje på artig dialekt.  
Rikt illustrert med egne teikningar og bilete, jfr. framsida.

Tankevekkande dikt av ei kvinne som har levd ei stund. På framsida av boka som heiter «Enkel kobling» kallar Ingrid seg for Ingrid Glad.

Pris for boka: 200 kr.

## PRAKTISKE RÅD OG REGLAR FOR BRUK AV HALLINGBU.

(Hyttestyret 2017-2022:

Else Mohn, Michel Gascoin, Trond Roseth)

1. Det er smekklås på Hallingbu, så difor, ha alltid nøkkelen i bukse**lomma** under opphaldet slik at du ikkje låser deg ute! (Låsen kan setjast fast i open stilling vha. ein knapp på låsen). I verste fall er det ekstra nøkkel på Sinober (ta gjerne med noko som identifiserer deg!).
2. Når ein skal låse døra, vri nøkkelen til venstre slik at låsbolten fester seg!
3. Skulle propanbeholdaren gå tom, er det ein ny full ein ved sidan av. Ved skifte skal ein presse ringen oppover og løfte heile toppen av. Ved påsetting skal ein presse ringen oppover, presse toppen på og presse ringen nedover. Greitt om ein har gjort det før. Si frå om tom behaldar!
4. Nykkel til uthuset ligg oppe på skåpet i gangen. Dette skåpet inneheld òg stearinlys, telys, dopapir og diverse verktøy etc.
5. Vasshola ligg rett nedanfor uthuset. Vatnet er OK om det ikkje er for turt vær! Då er det tryggast å hente vatn i Ormtjern, det går ein slags sti ned til vatnet.
6. Det finst eit par flate lommelykter på Hallingbu. Ei skal vere intakt til ei kvar tid, men batteria har ein tendens til å bli utlada. Ta difor med eit nytt flatt 4,5 Volt's batteri, då er du sikker.
7. Vedøksene står bak vedkassa i stova. Minst mogleg reidskap og verktøy skal stå i uthuset (det rustar).
8. Det er fint å liggje på hemsen (godt og varmt), om ein ikkje må ut om natta. Men pass på så de ikkje dett ned! Lag flatseng av madrassane på hemsen. Det er òg greitt å liggje i det innarste rommet nede.
9. Hugs å fyre i midtrommet, det gir betre trekk i peisen i stova. Eit glas på gløtt i stova gjer òg at peisen trekkjer betre.
10. Det er om lag 15 sengeplassar/madrassar på Hallingbu. I nokre av sengene ligg det to madrassar. Om det trengst, legg ein av desse på golvet. Det er òg bestikk, glas, koppar og tallerkenar til om lag 15 personar. Best er det å vere 8-10 personar, for då kan alle ete rundt det same bordet.
11. Alt søppel og tomgods skal takast med ned att frå hytta. Matvarer skal ein heller ikkje leggje att. Hallingbu skal vere i same tilstand når ein forlet hytta som då ein kom.
12. Om propanapparatet er i bruk på kjøkenet, så gløym det ikkje bort når du er i stova.
13. Dersom det er noko som manglar på hytta, må den som har brukt ho gje beskjed om dette når han leverer nykkelen tilbake. Likeins er det om noko skulle ha blitt øydelagt under opphaldet.
14. Dra for alle gardinene når du forlet Hallingbu, slik at ikkje sola slit på alt som er inne.

### Utleigeprisar for Hallingbu:

**Overnattingsprisen** frå og med 1.1 2013 er **kr. 50,-** for medlemmer og **kr. 100** for andre som er med.

Unntaksvis kan Hallingbu leiges ut til andre, då fortrinnsvis til folk med tilknytning til ungdomslag. Ein person skal alltid vere ansvarleg for leiga og mogelege skader på Hallingbu, og stå som medlem i Hallinglaget. Denne personen kan ha med seg andre ved bruk/leige av hytta. Ved eit dagbesøk betaler ein **20 kr** om ein har nytta propan, ved eller anna. Det er kasse på Hallingbu, men større beløp bør ein sende til Hallinglaget sin konto i Cultura Bank, som har kontonummer **1254.05.18988**.

Togtider til/frå Snippen stasjon (Ssjå [www.vy.no](http://www.vy.no)):

Tog frå Oslo S mot Hakadal: 07:50, **09:42**, 11:42

Siste tog frå Snippen mot Oslo S: 16:02, **18:28**, 20:01

Togreise ca. 20 min.

## Hugseliste ved avreise frå Hallingbu!

1. Vask og sørg for at hytta er i god stand ved avreise
2. Steng av gassen, med bryter på toppen på gassbeholdar
3. Fyll opp vedkassene
4. Steng og lås uthuset
5. Tøm alle vassbyttene, og snu dei på hovudet
6. Tøm kaffikjelen
7. Ta med mat og tomflasker heim
8. Skriv i hytteboka
9. Trekk for alle gardinene
10. Lås døra og sikre låsbolten


*God tur heim!*

### *Hyttestyret*



*Huset over vasshola er rusta opp for eit par år sidan og det ligg rett nedanfor uthuset!  
Vatnet er OK om det ikkje er for turt! -> då er det tryggast å hente vatn i Ormtjern ...*

Det er gode gamle bilete frå Hallingdal i Facebook-gruppa «Hallingminne» ved Olav Sata-slåttén. Dette er ei interessant gruppe og være med i, for det er bilete frå heile dalen.



Gamle bilete inneheldt fantastiske detaljer! Sjå utsnittet nedanfor:



## TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 1. HALVÅR 2021

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	
<u>Januar '21</u>		
03.	Ingen søndagsdans	
10.	Numedalslaget / Østerdølene	Avlyst pga. Corona!
17.	Hordaringen / Bærum spelemannslag	Avlyst
24.	BUL / Eiker spelemannslag	Avlyst
31.	Sogn og Fjordaneringen / Golaget	Avlyst
<u>Februar '21</u>		
07.	Hallinglaget / Elise T med venner	Avlyst
14.	Symra / Steinsgårdskroken	
21.	BUL / Østerdølene	
28.	Sogn og Fjordaneringen / Farande Fant	
<u>Mars '21</u>		
07.	Hordaringen / Fanteladdene	
14	?? / Bærum spelemannslag	
21	Symra / Samdanslaget	
28.	Ingen søndagsdans - Palmesøndag	
<u>April '21</u>		
04.	Ingen søndagsdans - 1. påskedag	
11.	???? / Golaget	
18.	Hordaringen / Dølalæte	
25.	Symra / Symradern og Att og fram	
<u>Mai '21</u>		
02.	?? / Feleboga	
09.	?? / ?????	
16.	Ingen søndagsdans	
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	
23.	Ingen søndagsdans - 1. pinsedag	

**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.**

**Inngang Folkedanskveld:** Medlemmer kr 100,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

**Inngang Minikurs:** Medlemmer og ikkje-medlemmer berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld! Berre kr. 80,- for studentar

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

Meir info.: sjå [www.bls.no](http://www.bls.no)

## Styret i Hallinglaget 2020–2022 !

**Leiar:** Terje Grangård Tlf.: 482 04 652 – mobil  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Nestleiar:** Åsmund Fauske Jøtun Tlf: 938 33 229-mobil  
Steintrøa 31, 3550 Gol E-post: asmundjotun@gmail.com

**Kasserar:** Gro Sissel Taraldrud Tlf: 480 34 943 – mobil  
Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr E-post: [gst@cultura.no](mailto:gst@cultura.no)

**Skrivar:** Heidi Wie Tlf: 975 23 734 – mobil  
Dyringveien 67, 1385 Asker E-post: [heidi.wie@asker.kommune.no](mailto:heidi.wie@asker.kommune.no)

**Medlemer:** Berit Grøtt Ellefsen Tlf: 480 40 062 – mobil  
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen E-post: [beritsatelier@hotmail.com](mailto:beritsatelier@hotmail.com)

Else Mohn Tlf: 958 79 270 – mobil  
Reshjemvegen 247, 3677 Notodden E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

---

### Bladstyre for Hallingljom:

**Leiar:** Terje Grangård Tlf: 482 04 652  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Medlemer:** Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

### Hyttestyre for Hallingbu:

**Leiar:** Else Mohn Tlf: 958 79 270  
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Danseleiar:** Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

**Revisor:** Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

### Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bls.no](http://www.bls.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) .

Hallingbu



ERB  
JR.96